

Referat frå møte i samarbeidsutvalet i Heddeli barnehage 14.11.2018

Tilstades:

Kristine Heimdal Kleiv - foreldre representant
Siv Omtveit Aasan – foreldre representant
Arild Johansen – eigarrepresentant
Cecilie Sollid Tveit – tilsett representant
Grete Natten – tilsett representant

Saker:

1. Rådmannens forslag til budsjett 2019 og økonomiplan for 2019-2022.

Orientering og drøfting om budsjettforslaget og økonomiplanen. Det var fokus på konsekvensane for Heddeli barnehage og barnehagane i Seljord.

- Bemanning og bemanningsnormene for barnehagen. Ingen forslag til endring.
- Barnehagetilbodet kan det bli endring i.
- Prisauke, på bakgrunn av statsbudsjettet, frå 1.1.19 og ytterlegare auke 1.8.19.
- Nytt med gratis kjernetid for 2-åringane frå 2019.
- Ikkje tatt inn nytt vognskur/lagerrom og oppussing av bad på "stor side" i budsjettet.

Samarbeidsutvalet vil ikkje lage ei uttale på Rådmannens budsjettforslag. Dersom formannskapetets innstilling vil få andre konsekvensar for barnehagen skal samarbeidsutvalet ha eit nytt møte 28.11.18 kl.16.30.

2. Inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Arbeidsgruppa i Seljord har hatt 2 møte i haust. Arbeidsgruppas medlemmer er kommunalsjef, 2 ressurspersonar, styrarane, rektorane, pedagogisk konsulent. Gruppa og dei ulike avdelingane jobbar nå med å utarbeide ein lokal plan for Seljord, den skal vere ferdig i januar -19. Personalet jobbar med temaet på personalmøta. Foreldra vil bli meir involvera etter kvart.

3. IKT satsinga i kommunen.

Skulane er nå godt i gang.

Barnehagane har fått IPadar og brukar dei så langt til MyKid, ta bilete, oppslagsverk.

Barnehagane har ikkje fått opplæring ennå.

MyKid så langt. Positive erfaringar. Barnehagen kan bli betre til å legge ut informasjon på Post It.

4. Eventuelt

Bursdagsfeiring privat.

Barnehagen kan bli tydelegare på korleis foreldra kan inkludere heile gruppa når dei inviterar til bursdagfeiring for barna. Kan skrive det inn årsplanen, på MyKid og informere på foreldremøte.

Låne barnehagens lavvo og lavvo-område.

De foreldre kan gjerne låne lavvo og vere på lavvo-området utanom barnehagens opningstid. Avtal med Heidi. Legge denne informasjonen på MyKid.

Overgangspedagog.

Det har kome innspel frå foreldre om å opprette overgangspedagog i Seljord. Det vil seie ein pedagog som følgjer barna frå barnehagen til skulen. Det er eit godt tiltak for å gjere overgangen frå barnehage til skule meir trygg for barna. Dette er også drøfta i styrargruppa som eit godt tiltak for å betre overgangen for barna.

Det vi kan starte med er å jobbe endå tettare med skulen det siste året i barnehagen.

Referent

Heidi Færstaul Haugerud

Styrar